

## **Gode landsmøte!**

Takk for eit år med mykje godt samarbeid og mange gode idear. Norsk Målungdom er i høgste grad ein tenkjande organisasjon, og denne perioden har me nytta mykje tid på å utfordra det etablerte. Me har endra arbeidsvanar i sentralstyret, og me skal gjera arbeidet i landsstyret betre og enklare i den komande perioden.

Endå viktigare er det at me vil prøva ut ei ny form på arbeidsprogrammet vårt. Det har alltid vore ei utfordring for den langsiktige politiske planlegginga i organisasjonen at arbeidsprogramma våre berre går over eitt år av gongen. Når det ofte er store utskiftingar i organisasjonen, og det er ei ny nemnd som skal skriva arbeidsprogram kvart år, kan det vera vanskeleg å finna ein raud tråd for politikken vår.

Samstundes ligg det ein demokratisk styrke i at det til kvar ei tid er dei som er aktive i organisasjonen som har laga og røysta fram arbeidsprogrammet. Programmet får òg auka politisk aktualitet når det kan oppdaterast kvart år. For likevel å sikra nokre viktige prioriteringar over tid, har me hatt ei strateginemnd som har arbeidd fram ein analyse med tre langsiktige mål som arbeidsprogrammet skal ta omsyn til dei neste fem åra. Dette er eit svært nyttig dokument for ein organisasjon som er vane med berre å sjå eitt år fram i tid av gongen.

Dei tre strategimåla som vert handsama på dette landsmøtet er «arbeidet for at nynorsken skal halda og styrkja den plassen han har i samfunnet i dag», at «nynorsken skal vera langt meir synleg i samfunnet, og til stades på alle område» og at «nynorsk skal vera eit tilgjengeleg språk for alle i Noreg – alle skal ha høve til å læra og bruka det». Eg meiner dette er gode mål, av di heile organisasjonen kan samla seg rundt dei. Måla har òg ein

styrke i at mest kva som helst kan skje, utan at dei vert mindre aktuelle.

Eg meiner det er viktig å ha nokre samlingspunkt utanom dei store og små einskildsakene me arbeider med gjennom året. Det styrkjer samhaldet, og det får skilnadene mellom oss til å verka mindre. Når me ser på dei store linene, finn me ofte ut at er midla og ikkje måla som skil oss. Då kan me gjera ordskifta enklare ved å leggja vekt på korleis me skal koma dit me vil, og ikkje kva me skal gjera eller ikkje gjera.

Når me veit kva måla våre er, klarer me å finna fram til middelet. Det tyder heldigvis og diverre ikkje at me er samde i alt, heller ikkje grunnleggjande spørsmål som kvifor Norsk Målungdom finst, og kva som er føremålet vårt. Veit me i det heile kven eller kva me arbeider for?

Etter landsstyremøtet i november vart det eit stort e-postordskifte om ei utsegn frå møtet. Under ordskifte om strategien til NMU vart det sagt at me bør vera ein interesseorganisasjon for nynorskbrukarar, og ikkje arbeida for nynorsk, men for dei som nyttar nynorsk. Dette er eit spørsmål eg trur dei fleste sjeldsynt eller aldri tenker på, men som kan verka både tankevekkjande og provoserande når det dukkar opp. Difor er det ikkje rart at mange engasjerte seg i dette ordskiftet.

I tufta står det at «Norsk Målungdom arbeider for at alle i Noreg skal velja å skriva nynorsk i staden for bokmål.» Det svarer ikkje på spørsmålet om det er nynorsk eller nynorskbrukarar me arbeider for. I staden reiser det spørsmål om kvifor me vil at alle i Noreg skal skriva nynorsk, og ikkje bokmål. Sett at me arbeider for nynorsk, vil det tena språket å ha flest mogleg brukarar. Likeeins vil det tena nynorskbrukarane å vera så mange som mogleg. Ut ifrå denne

tankegangen, skil ikkje tufta på om me skal arbeida for nynorsk eller nynorskbrukarar. Føremålsparagrafen vår er ikkje laga med utgangspunkt i dette spørsmålet, og det meiner eg me skal vera glade for.

Kva er egentleg skilnaden på å arbeida for nynorsk og å arbeida for nynorskbrukarar? Slik språksituasjonen er no, tenkjer eg at å arbeida for det eine er å arbeida for det andre. Brukarane treng eit godt språk som finst så mange plassar som mogleg, samstundes som språket treng brukarar. Det er verre å spørja seg om nynorsk har ein eigenverdi. Kva er nynorsk utan brukarar? Er det noko me er interesserte i å arbeida med ut frå språklege interesser, eller har språket ingen ting å seia om ingen brukar det?

Det er vanskeleg å tenkja seg ein slik situasjon, og det er vanskeleg å sjå føre seg språk og brukarar kvar for seg. Eit illustrerande døme på eit språk utan brukarar, er det gamle lingua franca i Europa, latin. Me kan rekna latin som eit daudt språk sidan det ikkje har morsmålsbrukarar, men likevel er det mange som vil protestera på å karakterisera språket som daudt. Latin har spelt ei svært spesiell rolle i europeisk historie, og difor er det framleis stor historisk og lingvistisk interesse for språket.

Denne interessa handlar likevel om noko anna det interessa for nynorsk handlar om for oss. Eg opplever NMU som ein organisasjon som i hovudsak er oppteken av rettar og kvalitet for brukarane, av di me vil at alle skal ha høve til å nytta nynorsk. Ein slik innfallsvinkel er berre mogleg der brukarane føler ein identitet til språket, og rettar er avgjerande for at brukarane skal fungera optimalt i samfunnet, og kjenna seg likestilte med andre språkgrupper. Om me gjer dette skiljet på språk og brukarar, meiner eg det ikkje kan såast tvil om at det er

nynorskbrukarane NMU fyrst og fremst arbeider for, og ikkje språket i seg sjølv.

Uansett korleis me tolkar arbeidet me gjer, meiner eg at å definera oss som ein interesseorganisasjon for anten språket eller brukarane ville skapa eit kunstig og uheldig skilje. I Norsk Målungdom er me mange som vil det same, men har ulike motiv for å meina det me gjer. Likevel er det tryggaste å byggja saman, jamvel om me kvar for oss berre er interesserte i delar av byggverket. Berre ved å leggja vekk slike skilnader, kan me få ein stor brukargruppe med eit godt språk.

Eg sa for litt sidan at tufta opnar for spørsmål om kvifor me vil at alle i Noreg skal skriva nynorsk, og ikkje bokmål. Det er viktig at me er medvitne på kvifor me meiner dette, men eg meiner òg at det ikkje er det viktigaste for organisasjonen. Eg tenkjer som så at tospråkslina er litt trist, sidan ho utestengjer einskilde grupper frå nynorsken, og dimed seier at nynorsk høver for nokre, men ikkje for andre. Det er ein argumentasjon eg sjølv fekk kjenna på kroppen då ein lærar i Hardanger gav meg ei stor irritasjonsutblåsing over at eg som kjem frå Oslo skriv nynorsk. Han meinte det beint fram var gale.

Tufta til Norsk Målungdom uttrykkjer ein klar eittspråkspolitikk. Det finst mange ulike grunnar til å meina at nynorsk bør vera det einaste språket i Noreg, men me kan vera samde om at «nynorsk is a better language» som det heiter i filmen. Me er samde om at alle bør nytta nynorsk, av di det er eit betre språk enn bokmål. Kanskje meiner nokre at det beste er berre å ha eitt språk i Noreg, og det skal vera nynorsk, og kanskje andre tenkjer at nynorsk er best for kvar einskild person.

Det kan godt vera at nokre av oss kjenner medynk med bokmålsbrukarane som må ta til takke med det nest beste

språket. Om me tenkjer slik, kan me tolka føremålsparagrafen vår til at det er bokmålsbrukarane me arbeider for, sidan me vil ha dei til å nytta nynorsk. Dette er sjølvsagt sett på spissen, men ordskiftet om kven me arbeider for vert mykje meir interessant om me tenkjer litt nytt. Eg synest studieutvalet skal ta dette med seg inn i den nye perioden.

Kor viktig skilnaden mellom eittspråkslina og tospråkslina er, synest eg òg er verd eit ordskifte. Noregs Mållag står i motsetnad til Norsk Målungdom på tospråkslina. Likevel synest eg det er vanskeleg å koma på kva konkrete skilnader som kjem av desse ulike retningane. Me arbeider i stor grad for dei same sakene, og det er i dei aller fleste tilfella prioriteringar som skil politikken vår, og ikkje politiske motsetnader. Difor lurar eg på om eittspråkslina og tospråkslina har noko å seia i praksis.

Eg har inntrykk av at mange av forkjemparane for tospråkslina ser på det som ei røyndomsjustering av språkstoda i Noreg. Det tyder ikkje at dei på nokon måte ville mislikt å ha nynorsk som einaste riksmål, men at dei heller ser verdien av å ha ein føremålsparagraf tilpassa språksituasjonen me har no. Dei som ikkje kjenner tankane bak eittspråkslina vil ofte seia at det er urealistisk å få alle i Noreg til å skriva nynorsk. Det har dei diverre rett i, men det tyder likevel ikkje at ikkje me kan skriva ned det høgaste ynsket vårt i føremålsparagrafen, og heller la arbeidsprogram og strategimål forhalda seg til røynda.

Det umiddelbare målet til Norsk Målungdom og Noregs Mållag er å få meir nynorsk på alle område, og å sikra rettane til nynorskbrukarane. Me vil gjera nynorsk meir tilgjengeleg, og me vil hindra målbyte og endra haldningane mange har til nynorsk. Det har ingen ting å seia kva ideologisk line me står på, så lenge me har den same agendaen innanfor dei rāmene me kan arbeida i, slik språkstoda i Noreg er no. Å laga ideologiar og

planar for tenkte situasjonar er, slik eg ser det, ordskifte for dei spesielt interesserte.

Eg trur likevel dette ordskiftet, og ideologien bak valet av line, er viktig for å gjera dei som er med i Norsk Målungdom meir medvitne om kva det er me arbeider for, og kva som er tanken og den ideologiske lina bak kvardagsarbeidet vårt. Når det er sagt, vil eg òg stilla spørsmål ved om me i det heile treng ein ideologi for å gjera det arbeidet me gjer. Målrørsla har lang tradisjon for å identifisera seg som ein intellektuell og språkleg elite, og med denne identiteten er det vanskeleg å koma unna dei ideologiske ordskifta.

Eg meiner det er bra og sunt for alle organisasjonar å ha ein ideologi bak det dei gjer, men eg meiner òg det er viktig at dette ikkje får vera for dominerande i det daglege arbeidet i organisasjonen. Det er til dømes mange som ynskjer å leggja ned eit arbeid for nynorsk, utan at dei er interesserte i å ordskiftast om ideologi og alle små og store spørsmål. Det er viktig at Norsk Målungdom er ein organisasjon der desse òg kan føla seg heime.

For å samla saman spørsmåla eg har teke tak i, vil eg stilla spørsmål ved om alle språk er kulturelt mangfald som er verd å ta vare på. Målrørsla er oppteken av å hindra språkdaude, men korleis kan Norsk Målungdom forsvare dette når me samstundes står på eittspråkslina? Argumentet som alltid dukkar opp i denne samanhengen, er at det språklege mangfaldet i Noreg finst i nynorsk, slik at me ikkje treng bokmål. Bokmål kjem rett nok frå dansk, og representerer eit einfaldig elitespråk frå Oslo, men dette einfaldet er òg ein del av språkmangfaldet.

Eg trur ein av dei viktigaste verdiane til Norsk Målungdom er at alle skal ha fridom til å velja det språket dei sjølv vil. Dette tyder

at me kan snevra inn spørsmålet eg nett stilte til om eit språk ingen vil ha er verd å ta vare på. I spørsmålet om det er nynorsk eller nynorskbrukarar me arbeider for, er det tydeleg at mange i Norsk Målungdom meiner at språket nynorsk har ein eigenverdi òg utan brukarane. Samstundes seier tufta at me vil at alle skal skriva nynorsk i staden for bokmål. Det set bokmål i ein ganske annan situasjon, heilt utan eigenverdi, og dimed verdilaust utan brukarar. Spørsmålet eg då stiller til slutt er om korkje nynorsk eller bokmål hadde brukarar, kvifor skulle nynorsk då vera meir verd?

Me kan stilla spørsmål i det uendelege utan at det fører oss nærare måla våre. Same kva ulike tankar, ideologiar og føremål me har, må me hugsa på at det framleis er det viktigaste me har felles, nemleg kampen for meir nynorsk. Me er eit vinnarlag når me samlar oss om éi sak og bestemmer oss for kvar me vil. Jamvel om det ofte er mange vegar til målet, må me hugsa på at det trass alt er målet som er viktig, og ikkje om me kjem dit på den eine eller andre måten.

No er det viktig at me samlar oss rundt nokre konkrete mål me kan arbeida for. I morgon skal me vedta strategimål for dei neste fem åra, og eg vonar dette vert mål som heile organisasjonen kan samla seg rundt og få eit særskild forhold til. Eg vonar me kan få eit godt ordskifte no om dei tinga eg har teke opp, og at me får eit godt ordskifte seinare i dag når me skal handsama strategiplanen.

Godt ordskifte!